

Vurderingsrettleiing

2012

ENG1002/ENG1003 Engelsk fellesfag
ENG1005/ENG1006 Engelsk for døve og sterkt tunghørde
Til sentralt gitt skriftleg eksamen

ENG1002/1003 og ENG1005/1006

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2012

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

1. Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen i ENG1002/1003 og ENG1005/1006 varer i 5 timar.

Førebuing

Det er førebuingssdag til eksamen i ENG1002/1003 og ENG1005/1006. På førebuingssdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingssdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan elevane samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Førebuingstida gir elevane høve til å setje seg inn i eit bestemt tema. Eksamensoppgåvene er knytte til dette temaet. Førebuingstida kan gjennomførast med eller utan tilgang til Internett. Alle andre hjelpemiddel er tillatne.

Førebuingssdagen er vanleg skoledag, og elevane har rett til rettleiing. Det er spesielt viktig at elevane noterer relevante kjelder, sidan dei skal oppgi kjelder som blir brukte på eksamen, i svaret. Førebuingssdelen er hovudsakleg knytt til oppgåve 2 i eksamensoppgåva.

Til eksamen er heile læreplanen aktuell. Det inneber at elevane til eksamen også kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingssdelen. Det er derfor viktig at elevane får rettleiing i å sjå dei moglegheitene som førebuingssdelen rommar, slik at dei kan møte eksamensoppgåver som koplar innhaldet i førebuingssdelen til heile læreplanen.

Eksamen

Eksamensoppgåva har to hovuddelar, som i ulik grad er knytte til temaet frå førebuingssdagen.

I del 1 skal elevane velje éi av to oppgåver. Den eine oppgåva har ei yrkesfagleg vinkling, medan den andre er vinkla mot studieførebuingss utdanningsprogram. Alle elevane skal kunne svare på begge oppgåvene. Elevane skal skrive éin eller fleire kortare tekstar, avhengig av oppgåveformuleringane, som svar på spørsmåla. Desse oppgåvene kan vere knytte til førebuingssdelen, men treng ikkje vere det.

I del 2 er alle oppgåvene direkte knytte til temaet frå førebuingssdagen. Elevane skal her velje mellom fleire oppgåver og skrive éin lengre, samanhengande tekst som svar på oppgåva.

Eksamenssettet som heilskap prøver kompetansen elevane har på desse tre hovudområda: *språklæring, kommunikasjon, og kultur, samfunn og litteratur.*

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen i ENG1002/1003 og ENG1005/1006 Side 2 av 6

Alle svara skal vere tilpassa kommunikasjonssituasjonen når det gjeld stilnivå og relevans. Skriftleg språkferdigheit, tekstoppbygging og sjangerkunnskap er sentrale moment i vurderinga. Svaret i del 2 blir også vurdert med omsyn til eventuell kjeldebruk. Det er den samla kompetansen eleven viser i svaret sitt, som ligg til grunn for vurderinga.

2. Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

3. Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må dei førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på, men dei må førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan tilvising til kjelder, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

4. Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve.¹ Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.²

¹St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

²Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

5. Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterforklaringar for grunnopplæringa:

- a) *Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.*
- b) *Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.*
- c) *Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.*
- d) *Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.*
- e) *Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.*
- f) *Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.*

Kjenneteikna på måloppnåing forklarar nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for engelsk fellesfag til skriftleg eksamen.

6. Kjenneteikn på måloppnåing

Sjå vurderingsmatrisa på neste side.

Vurderingsrettleiing ENG1002/ENG1003 og ENG1005/ENG1006 2012

Karakter		1	2 Eleven kan:	3-4 Eleven kan:	5-6 Eleven kan:
I n n h a l d	Språklæring	Lågare kompetanse enn nivå 2	<ul style="list-style-type: none"> svare på oppgåva på ein stort sett relevant måte med omsyn til budskap og emne 	<ul style="list-style-type: none"> svare på oppgåva på ein relevant måte 	<ul style="list-style-type: none"> svare på oppgåva på ein utfyllande og relevant måte
	Kommunikasjon		<ul style="list-style-type: none"> presentere ein enkel budskap med ein viss sjølvstende og klarleik 	<ul style="list-style-type: none"> presentere ein budskap på ein sjølvstendig og stort sett tydeleg måte 	<ul style="list-style-type: none"> presentere ein budskap på ein sjølvstendig, reflektert og tydeleg måte
	Kultur, samfunn og litteratur		<ul style="list-style-type: none"> gjere greie for eit emne bruke innhald frå ulike kjelder 	<ul style="list-style-type: none"> gjere greie for og drøfte eit emne bruke innhald frå ulike kjelder på ein sjølvstendig og ansvarleg måte 	<ul style="list-style-type: none"> gjere greie for og drøfte eit emne på ein utfyllande måte bruke relevant innhald frå ulike kjelder på ein sjølvstendig, kritisk og ansvarleg måte
S k r i f t l e g k o m m u n i k a s j o n	Tekststruktur	Lågare kompetanse enn nivå 2	<ul style="list-style-type: none"> skrive ein enkel tekst med ei viss tilpassing til kommunikasjons-situasjonen bruke avsnitt bruke tekstbinding 	<ul style="list-style-type: none"> skrive ein tekst som er tilpassa kommunikasjons-situasjonen skrive ein samanhengande tekst med riktig bruk av avsnitt skrive ein samanhengande tekst med ei rimeleg god oppbygging og formålstenleg bruk av tekstbinding 	<ul style="list-style-type: none"> skrive ein tekst som er godt tilpassa kommunikasjons-situasjonen skrive ein tekst med ein klar og formålstenleg struktur skrive ein samanhengande tekst med logisk oppbygging og ein variert og formålstenleg bruk av tekstbinding
	Språk		Lågare kompetanse enn nivå 2	<ul style="list-style-type: none"> bruke eit enkelt ordforråd bruke delar av det grunnleggjande formverket i språket lage enkle og samanhengande setningar skrive forståeleg trass i noko sviktande ortografi og teiknsetjing * 	<ul style="list-style-type: none"> bruke eit variert ordforråd bruke det grunnleggjande formverket i språket varierte setningsbygningen bruke rimeleg korrekt ortografi og teiknsetjing

* For ENG1005/1006-svar kan det vere ein viss påverknad frå norsk og teiknspråk på dette nivået.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no